



Suldal kommune

KOMMUNEPLAN

2015 - 2024



Kommuneplan for Suldal kommune 2015 - 2024

Vedteken av Kommunestyret 17. mars 2015
Planen med fullstendig kart og føresegner ligg også
tilgjengeleg på www.suldal.net

Layout: NaturInform Rune Roalkvam
Foto: Rune Roalkvam med unnatak av:
s. 17 nedst: Anne Lise Nordheim/Skattkammeret Suldal
s. 20 nedst, s. 21, s. 44: Erling Rognskog
s. 26-27 (små): Statens vegvesen
s. 32-33 nedst: Sand Skule, Gullingen Leirskule (t.h.)
s. 34-35: Bjarte Steindal
s. 39-41: Gerd Helen Bø
s. 42: Hanne Mette Birkeland
s. 43: Anne Berit Malum Solvang

Innhald

Suldalssamfunnet mot år 2025 – mål for utviklinga	s. 5
Folketal og arbeid	s. 7
Samfunnsutvikling og samfunnstryggleik	s. 11
<i>Areal og arealutvikling</i>	s. 12
<i>Næring</i>	s. 16
<i>Kommunal infrastruktur</i>	s. 20
<i>Klima-, energi og miljø</i>	s. 22
<i>Regionalutvikling</i>	s. 26
<i>Samferdsle</i>	s. 27
<i>Samfunnstryggleik</i>	s. 29
Kunnskapssamfunnet	s. 30
Å bu og trivast	s. 35
<i>Folkehelse</i>	s. 36
<i>Helse og omsorg</i>	s. 38
<i>Kultur</i>	s. 42
<i>Inkludering</i>	s. 43
Kommunen som organisasjon og arbeidsgjevar	s. 44
Arealdelen	s. 46

Mot Natthandsnuten.

Innleiing ved ordførar

Torkel Myklebust
ordførar



A large, leafy tree dominates the left side of the frame, its branches spreading across the top. The tree is set in a grassy field. In the lower-left corner, two people are standing near the base of the tree, one pointing upwards. The background shows a line of trees and a clear blue sky with some light clouds. The overall scene is bright and natural.

1

Suldalssamfunnet mot år 2025 - mål for utviklinga

Suldal - ein god plass å veksa opp, bu og virka

Visjon for Suldalssamfunnet:

Suldal – eit levande samfunn, rik på naturressursar og kreativ kraft

Visjonen vil me konkretisera slik:

Eksotisk: Storslått natur, spanande kontrastar og sanseopplevingar.

Aktiv: Levande, stå-på vilje, engasjement, kreativitet, kultur –og naturbaserte aktivitetar.

Trygg: Naturleg, stolte og vennlege menneske, gode oppvekst – og levekår, lite kriminalitet.

Me vil marknadsføra oss som
”Skattkammeret Suldal.”

Vatn

Vatn er på mange vis eit nøkkelord for Suldal gjennom historia fram til i dag.

I farne tider gjennom det vatna, elvane og sjøen hadde å seia for ferdsel, fangst og fiske.


Seinare gjennom kraftutbygging som har gjort kommunen til den største kraftprodusenten i landet.

I dag gjennom satsing på reiseliv der kultur og arkitektur, teknikk og opplevingar kring vatn og vassdrag står sentralt.

Suldal kommune er ein god kommune å bu i. Gode inntekter frå kraftutbygging er grunnlaget for at kommunen kan visa til eit godt og desentralisert tenestetilbod.

Gjennom eit breitt engasjement og eit godt samarbeid med andre kommunar, og mellom kommune og innbyggjarar kan me nå dei måla me set oss om å:


- ha eit godt og tilpassa tilbod til innbyggjarane og gjester
- ha eit godt, kreativt og tverrsektorielt samarbeid
- vera særskilt dyktig til å leggja til rette for entreprenørskap
- vera særskilt dyktig til å foredla dei rike naturressursane våre
- vera særskilt dyktig til å leggja til rette for reiseliv, hytteliv og aktiv bruk av fritidsbustadane som ligg i kommunen.





2

Folketal og arbeid



Suldal kommune er med sine 1730 km² arealmessig den suverent største kommunen i Rogaland. Den startar med Ryfylkeøyar i vest, og endar opp i høgheia mot Hordaland, Telemark og Aust-Agder.



Kommunen har mykje naturgitte føresetnader som storslagen natur, norske kvalitetar som reint vatn og rein luft, sjø, vatn, elvar, dalar og fjell. Dette gir grunnlag for ein betydeleg energiproduksjon, produksjon av landbruksprodukt og stein- og pukkuttak. Hausting i form av fiske, jakt og bærplukking er ein viktig fritidssysse.


Som ein ser av tabellen har folketalutviklinga i

Suldal vore relativt stabil siste åra. Tala syner også at det har vore negativt fødselsoverskot dei fleste åra.

Framleis vekst i Suldal kommune vil vera avhengig av at tilflytta innbyggjarar blir verande i Suldal, særleg dei som kjem frå utlandet. Dette vil avhenga både av trivsel og tilgong på arbeid. SSB har spådd nedgong i folketalet i Suldal, som einaste kommune i Rogaland. Utviklinga siste åra syner tvert om ei positiv utvikling, noko ein må setja alle krefter inn på skal halda fram.

Det har vist seg at det er eit potensiale i å få utflytta Suldalsungdom tilbake når dei kjem i ein alder der






dei er småbarnsførelde. Kommunen vil ha trong for arbeidskraft, særleg innan omsorgsyрка og oppvekstsektoren, men også for andre yrkesgrupper innafør den kommunale tenesteproduksjonen. Samstundes vil det ofte vera trong for to arbeidsplassar dersom ein familie skal flytta til Suldal.

Det er liten samanheng mellom bygging av hus og befolkningsauke i Suldal. Det er tydeleg at det må byggast hus fortløpande sjølv om det er lita befolkningsvekst.

Talet på eldre over 80 år aukar ikkje monaleg før om

15 år, men talet på yrkesaktive vert redusert allereie om 5-6 år.

Det er ikkje lett å sjå inn i framtida, men hjå SSB finn ein framskrivne tal for folketalsutviklinga. Dei spår ein kraftig nedgong i talet på innbyggjarar i den arbeidsføre delen av befolkninga i Suldal, medan dei spår ei kraftig auke i den eldste delen av befolkninga dei neste 30 åra. For det totale folketallet i Suldal kommune spår SSB ein svak nedgong.



Totalt for kommunen har talet på nye bygg pr år vore relativt stabilt rundt 20 dei siste fire åra. Om lag halvdelan av bustadane vert bygde i felt.

Mål

Fleire skal bu og arbeida i Suldal.

Hovudstrategiar

- Den viktigaste målgruppa for arbeidet med tilflytting til Suldal er Suldalsungdom.
- Kommunen skal ha tilgjengeleg attraktive bustadtomter på Sand og i grendesentra. Områda for spreidd busetnad som allereie finst skal oppretthaldast.
- I kommuneplanperioden kan det dukka opp nye utenkte prosjekt. Når kommunen får søknader som kan føra til nye arbeidsplassar er dette samfunnsinteresse av så stor vekt at det talar for dispensasjon frå vedtekne planar.
- Det er eit mål at det skal vera utleiebustader tilgjengeleg.
- Som eit ledd i å halde på og å tiltrekkje seg fleire barnefamiljar skal kommunale tilbod som gjeld desse prioriterast.
- Tilflyttarar frå både inn- og utland skal integrerast i Suldalssamfunnet. Grendautvala, skular og barnehagar i tillegg til frivillige krefter har ei særskild rolle i dette arbeidet.
- I Suldal skal me ha nærleik til gode tilbod. Kommunesenteret Sand skal med medvit byggast til ein stad som innbyggjarane i grendene ynskjer å nytta som kommunesenter.

Rekruttering – utfordringar

Kommunenes Sentralforbund seier i «En strategi for arbeidskraft og rekruttering» at Noreg står framføre store utfordringar med å sikra tilstrekkeleg arbeidskraft. Det vil mangle om lag 15 000 helsefagarbeidar og 16 000 allmennlærarar i 2025. Dei viser til St. meld 9 (2008-2009) kor det vert peika på den demografiske endringa som inneber ein mangel på arbeidskraft, som ein av tre hovudutfordringar i framtida. Dette biletet stemmar godt med det me ser i Suldal. Suldal kommune har om lag 100 tilsette over 60 år og om lag 150 tilsette som er mellom 50 og 60 år.



Rysteg AS

er ei attføringsbedrift der Sauda og Suldal kommunar er dei største eigarane.

Bedrifta skal leggja til rette for at fleire vert inkludert i arbeidslivet. Dette gjer dei ved å gje ulike arbeidsretta tilbod i samarbeid med NAV.



An aerial photograph of a mountain valley. The foreground shows rocky terrain with some moss. The middle ground features a winding river, a small village with houses, and several large green fields. The background consists of steep, forested mountains under a cloudy sky.

3

Samfunnsutvikling og samfunnstryggleik

Areal og arealutvikling

Utfordringar

Med 1730 km² og 300 km strandlinje er arealressursane eit av Suldal sine største fortrinn. Frå sentralt hald er det lagt klare føringar for arealpolitikken.

Strandsonevernet, jordvernet, det biologiske mangfaldet, omsynet til barn og unge, friluftsliv og kulturvern med vidare tillagt stor vekt i desse føringane.

I Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern (FINK 2005) er store område i Suldal definerte som partnerskapsområde der me i samarbeid med overordna styresmakter kan leggja til rette for t.d. naturbasert reiseliv.

Særleg i og ved kommunesenteret Sand er arealressursane ein knapphetsfaktor. Ved framtidig tilrettelegging av bustad- og næringsområde må kommunen leggja opp til meir effektiv bruk av are-

ala enn ein har gjort til nå, samtidig som ein ikkje reduserar kvalitetane som buområde.

Kommunen beheld Kammen som framtidig bustadområde i kommuneplanen. Arbeidet med reguleringsplanen vert utsett med tanke på utvikling og utviding av Sjostien-området som første utbyggingsområde på Sand.

Det skal leggjast til rette for bubilparkering i sentrumsområdet på Sand. Kommunalt areal i Jelsavågen vert avsett til bubilparkering.

Arealressursane er i stor grad ikkje fornybare. Stadig mindre delar av naturen er utan større tekniske inngrep. Tilgjengelege utbyggbare delar av strandsona er sterkt reduserte i løpet av ein mannsalder. Arealressursane må forvaltast etter føre var-prinsippet og i eit tidsperspektiv som strekker seg langt utover kommuneplanperioden.

Mål

Ei berekraftig og langsiktig forvaltning av arealressursane for å styrka busetnad og næringsliv, samstundes som ein tek vare på mangfaldet og kvalitetane i Suldalsnaturen.

Hovudstrategiar

1. Styrka Sand som kommunesenter, men og syta for livskraftige grender.

2. Ha tilgjengelege attraktive bustadtomter på Sand og i alle grendesentra. Ha tilgjengelege leigebustader i kommunesenteret. Vurdera omforming og fortetting som alternativ og supplement til bruk av nye område, særleg på Sand der ein konkret bør sjå på moglegheitene innan reguleringsplanane for Prestaåsen og Randåsen.

3. Syta for at barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser vert ivaretekne i planlegging og utbygging av bustadområde. Alle nye bustadområde skal ha leikeplassar.

4. Ha eit langsiktig perspektiv på Suldal som hyttekommune. Nyttå strandsoneanalysen ved tilrettelegging for hytter langs sjøen. Vera positiv til forsiktig fortetting og utviding av hytteområde langs sjøen

der dette kan skje utan større konflikhtar. Ikkje opna nye, urørte strandområde for utbygging før det etablerte utbyggingspotensialet er realisert. Vera varsam med tilrettelegging for hytter i fjellområde med villrein og andre viktige verneverdiar. Kommunen vil halda på byggegrensa for hytter i Breiastøldalen.

5. Ha tilgjengeleg kommunalt næringsareal på Sand og elles vera positiv til næringsetablering i alle grender. Byggemodna kommunale næringsområde i grendene etter behov og etterspurnad. Bidra til smidig dispensasjonshandsaming dersom det kjem søknader om viktige næringsetableringar i kommuneplanperioden i område der det ikkje er opna for dette og der slik etablering kan skje utan vesentlege konflikhtar med ålmenne interesser.

6. Ha ei berekraftig forvaltning av sjøområda med vekt på fleirbruk, men der einskilde område kan avsettast til meir eksklusiv bruk. Ta vare på Sandsfjor-

den som nasjonal laksefjord på ein god måte. Satsa på større, felles småbåtanlegg.

7. Ta omsyn til ålmenta sine interesser, verneverdiar og tryggleik i arealforvaltninga og leggja folkehelseprinsippet til grunn. Legga til rette for friluftsliv ved t.d. etablering av samanhengande turveg/stisystem også i låglandet, jfr. Sti- og løypeplan.

8. Syta for at viktige jord- og skogbruksområde og framtidige ressursar som t.d. viktige grus- og

pukkreserver, ikkje vert nedbygde ved t.d. spreidd bygging.

9. Forvalta Suldalsheiane i tråd med prinsipp som er nedfelte i "Heiplanen".

10. Forvalta areala langs Nasjonal turistveg Ryfylke, inkludert Rv 13 gjennom Suldalsdalføret, på ein måte som opprettheld og styrkar natur- og kulturopplevingane for turistar og fastbuande.



På Sand vil framtidige bustadfelt koma i nærleiken av skule- og idrettsområdet på Eide. Over: Nyleg byggemodna bustadområde på Haugen. Nye vegar må byggast inn i framtidige utbyggingsområde i Sjostien og på Kammen. Under t.v.: Nærings- og industriområde er arealkrevjande. Frå Mosrøysane. Under t.h.: Framtidig bustadbygging i Erfjord vil i hovudsak skje i Stølane-området i bakgrunnen på bildet.



Sti- og løypeplan for Suldal

Suldal kommune har utarbeidd eit turstikart over heile kommunen, og einskildkart med prioriterte, merka turstiar for alle skulekrinsar og Mosvatn-området. Det vert arbeidd med merking, gradering og informasjon av desse løypene. I dei einskilde reguleringsplanar er turstiar og friluftsområde ein integrert del. Landbruket har fått statleg støtte til merking og opparbeiding av stiar til kulturminne og turmål. Ein viser til dette grunnlagsmaterialet for kommunen sitt omfattande nett av turstiar. Vidare viser ein til det nettet av merka sommar- og vinterløyper som vert drive av Stavanger Turistforening. Suldal Tur-lag, eit lokallag av Stavanger Turistforening, vart etablert i 2013.

Denne sti- og løypeplanen tek berre føre seg viktige lengre, samanhengande turstiar i låglandet der kommunen må stå for planlegging og opparbeiding; dessutan maskinelt oppkøynde skiløyper.

1. Lengre turstiar

a. Sand – Suldalsosen. Samanhengande system av stiar, gangveggar og lite trafikkerte køyreveggar nær Suldalslågen. Denne er vist på kommuneplankartet som turdrag.

b. Hebnes – Askvik. Kyststi med store natur-, landskaps- og kulturminneverdiar som kan tilretteleggast med relativt lite teknisk opparbeiding.

c. Jelsavågen – Barkeland. Kystnært stisystem for ein stor del på eksisterande skogsveggar, i tilknytning til viktige hytteområde. Kan omfatta sti mellom Barkaneset og Ska-holmane, to statlege friluftsområde som pr i dag er lettast tilgjengelege frå sjøsida.

2. Maskinelt oppkøynde skiløyper.

Mosvatnområdet – Sandsa. Dette er kommunen sitt viktigaste skiutfartsområde. Oppkøyring skjer etter faste løypetrasear, m.a. lysløyper ved Gullinghuset og i Fjellbergskaret. Av omsyn til villreinen (jfr. Heiplanen 2013) må oppkøyring av løyper i området Reinsheia – Sandsa – Skipadalane berre skje dersom det ikkje er til sjenanse for denne. Vert det observert villrein i nærområdet til desse løypene, skal dette rapporterast til løypekøyrar/kommunen og løypekøytinga skal straks opphøyra. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for registrering av villrein i dette området og rapportering til løypekøyrar. Det skal uansett ikkje køyrast løyper lenger enn Skipadalane.




Kystsoneanalyse for Suldal

1. Suldal kommune har ei lang strandlinje, den tredje lengste i Rogaland. Det generelt bratte terrenget gjer at berre mindre deler av kystlinja er eigna for utbygging. Desse utbyggbare delane er i stor grad tekne i bruk, og privatisert i ulik grad.
2. Dei resterande delane med utbyggbar strandsone må forvaltast som ein ikkje fornybar ressurs, i eit langt tidsperspektiv, lenger enn kommuneplanperiodar.
3. Det er store ålmenne verdjar knytte til dei ikkje utbygde delane av kystsona. Mange av desse verdiane er samanfallande arealmessig. Det skal vera godt grunngeve når ein tek i bruk nye ikkje utbygde område.
4. Den vidare forvaltinga av strandsona må skje gjennom kommuneplanlegginga. Kystsoneanalysen skal vera eit hjelpemiddel i denne forvaltinga.
5. Fortetting og mindre utviding av alt utbygde hytteområde bør prioriterast framfor å ta urørte område i bruk.

6. Anlegg for småbåtar bør samlast i fellesanlegg.
7. Næringsverksemd bør prioriterast framfor ordinær hyttebygging dersom nye område skal tas i bruk.
8. Nye utbyggingsområde bør ha høg utnytting, og det bør leggjast til rette for ålmenn ferdsel nær stranda.
9. All ny utbygging bør skje gjennom reguleringsplanar, ikkje spreidd bygging. Det må takast omsyn til klimaendringar og moglegheit for stormflo og havstiging.
10. Ny utbygging bør skje med respekt for lokal kystkultur og byggeskikk.
11. Eigna kyststrekningar bør tilretteleggjast med kyststiar for allmenta.

(Dette er oppsummerande konklusjon av analysen som vart vedteken 27.09.2013.)



Næring

Utfordringar

Noko av det viktigaste for vekst i befolknings- og næringsutvikling er at kommunen er attraktiv nok for å kunne trekkje til seg innbyggjarar, kompetent arbeidskraft og bedriftsetableringar. Eit godt omdømme og bustadattraktivitet heng saman med faktorar som arbeidsplassar, bustadbygging og arealtilgang. Næringsattraktivitet er knytt til kvalitetar ved staden som beliggenhet, storleik, befolkningsgrunnlag, næringsgrunnlag, infrastruktur, kompetanseinstitusjonar osv. Besøksattraktivitet omhandlar natur, kultur og omdømme.

Næringslivet i Suldal er i stor grad basert på naturressursane i kommunen. Næringslivet er variert med mange små og mellomstore bedrifter. Basisnæringar som landbruk og skogbruk, kraftproduksjon og bergverk representerer sentrale

næringar i dag og vil også vera viktige for verdiskapinga i kommunen i framtida.

Kommunen opplever vekst i regionale næringar, som t.d innan transport- og bygg- og anleggsbransjen. Kommunen opplever positiv vekst i deler av besøksnæringane som t.d. hyttebygging og overnattingskapasitet i reiselivsbransjen, men opplever samstundes relativ stor handels- og besøkslekasje.

For Suldal er primærnæringane viktige både som arbeidsplassar for matproduksjon og verdiskaping i tilleggsnæringar som t.d energiproduksjon og utvikling av hytteområde. Vidare er landbruket viktig som grunnlag for busetjing, og ikkje minst for å ivareta kulturlandskapet i heile kommunen.

Mål

Suldal skal vera attraktiv for nærings- og besøksutvikling, verdiskaping og vekst med grunnlag i lokale ressursar.

Hovudstrategiar

1. Påverka og forbetra rammevilkåra for næringslivet
2. Fremja utvikling og vekst i eksisterande næringsliv
3. Ha fokus på utvikling av gründermiljø
4. Utvikla besøksnæringane:
 - Reisemålsutvikling
 - Sentrumsutvikling
5. Ha fokus på rekruttering av bransjespesifikk arbeidskraft.
 - Styrka Sand som handels- og opplevingssentrum
 - Opplevings- og kulturnæringsutvikling
 - Utvikla gode nettverk mellom offentlege og profesjonelle kulturaktørar, reise- og næringsliv som saman bidreg til utvikling av kulturlivet og skaper synergjar i samfunnsutviklinga.





Førre side: Bustad as er ei av mange bedrifter i Suldal som driv med detaljhandel. Over: I Hamrabøgrenda vert det drive aktivt landbruk. Under: Kåring av sau under Møgedalsmarknaden. Underst: Jone Moe i fellesfjoset.

Landbruket i Suldal

Landbruket i Suldal skal også i framtida vera ei av dei viktigaste næringane. Både tradisjonelt landbruk og nisjenæringar skal utviklast.

Aksjonplan landbruk sine hovudstrategiar:

1. Sikra landbruket sine arealressursar blant anna ved å leggja stor vekt på jordverninteressene ved søknad om frådeling/ omdisponering
2. Ha ei streng haldning når det gjeld søknad om fritak for buplikta på landbrukseigedomar.
3. Arbeida aktivt for at eigedomar som ikkje vert drivne, eller som er fråflytta vert lagde ut for sal.
4. Arbeida aktivt for landbrukseigedomar vert selde i sin heilskap som sjølvstendige bruk eller som tilleggsareal. Sal av verdiobjekt som bygningar, tomter og liknande er ikkje framtidsretta.
5. Støtta samanslåing av bruk der ein aktiv bonde kjøper nabobruk som tilleggsareal. I slike tilfelle er kommunen positiv til frådeling av tun eller andre bygningar/verdielement.



Bransjestruktur:

- Basisnæringar: primærnæringar, industri, teknologiske tenester, kraftproduksjon
- Besøksnæringar: handel, overnatting, servering, aktivitetar, kultur- og opplevingar
- Regionale næringar: bygg og anlegg, tenesteyting, engros, transport

Suldal Vekst as

skal leggje til rette for nyskaping og vekst i nytt og eksisterande næringsliv.

Hovudmålet er å bidra til etablering av nye bedrifter og arbeidsplassar i Suldal, og arbeide for auka lønnsemd og vekst i eksisterande næringsliv.

Visjonen er: Aktivt næringsliv gir godt bygdeliv
Suldal Vekst er eigd av Suldal kommune, SIVA og privat næringsliv.

Bygdeutviklar

– kommunen har saman med Fylkesmannen og Innovasjon Norge spleisa på stilling som distriktskonsulent innan nærings- og bygdeutvikling. Kommunen si bygdeutviklingsavdeling og distriktskonsulent hjå Fylkesmannen si Landbruksavdeling skal bidra til positiv næringsutvikling for landbruket, med grunnlag i langsiktig og lønsam verdiskaping.

Nasjonal turistveg Ryfylke

går gjennom variert natur- og kulturlandskap på ein 183 kilometer lang vegstrekning frå Oanes ved Lysefjorden til Håra i Røldal. Det er opparbeidd rasteplassar med utsikt over Lovrafjorden.

Høsebrua over Suldalslågen ligg ved Sandsfossen og kommunesenteret Sand. Gongbrua lyser vakkert opp i mørke haust- og vinterkveldar og fører deg til turområdet på den andre sida av elva. Brua er tilrettelagd for rullestolbrukarar.

Discovery Route

er ei historisk reiserute frå 1880 åra. Reiseruta gjekk frå Stavanger til Bergen gjennom fjordane i Ryfylke. Turen frå Stavanger via Sand, Suldal og Brattlandsdalen til Røldal og vidare til Haukeli eller Odda blei marknadsført som ein av dei flottaste rutene Norge hadde å tilby. Nå er ruta i ferd med å bli relansert i moderne form.



Reiselivsnæringa er eit satsingsområde innan næringsutvikling i Suldal. Me kan tilby naturlege og menneskeskapte attraksjonar, opplevingar og god service. Over: Storvassdammen og campingbilar ved badestranda på Sand. Under: Ryfylke Fjordhotell på Sand og skitrekking i Breiastøldalen. På neste side øvst frå opninga av Nasjonal turistveg Ryfylke ved Høsebrua. Gamlevegen i Brattlandsdalen og den gamle Suldalsdampen er viktige element langs "Discovery Route" gjennom Suldalsdalføret.



Kommunal infrastruktur

Omfattar bygg og eigedomar, vegar, kaiar, vassforsyning og avløpsanlegg.

Utfordringar

- fullføra opprusting og utbygging av dei kommunale vassverka slik at dei stettar kvalitetskrava til drikkevatt.
- fullføra bygging og oppgradering av kommunale avløpsanlegg slik at dei tilfredsstillar nye og auka miljøkrav.
- ta vare på den kommunale infrastrukturen og den kommunale bygningsmassen.



Feiing er ein del av dei kommunale tenestene.

Mål

Suldal kommune skal ha ein god og kostnadseffektiv infrastruktur.

Hovudstrategiar

1. Utbygging, drift og vedlikehald av kommunal infrastruktur skal vera kostnadseffektivt. Det skal utarbeidast vedlikehaldsplanar for alle kommunale bygg og anlegg.
2. Opprusting av kommunale vatn- og avløpsanlegg slik at dei tilfredsstillar kvalitets- og miljøkrav.

Arbeid med ny vassleidning i Bogsfjorden.

FOLKEHELSE

Kommunale Bygg og Eigedomar

Utforme bygningar og uteområde slik at dei kan brukast av alle.

Kommunen skal jobbe for fleire gang og sykkelvegar slik at alle som bur i det som kan godkjennast som gangavstand til skulen kan ha ein trygg skuleveg. Kommunen skal jobbe for utbygging/oppgradering av vegnettet med særleg fokus på rasførebygging.





Over: Arbeid med vassverk i Erfjord. Til høgre: Tor Bråthen sjekkar ein vasskumme. Under: Rassikring ved høgdebasseng i Erfjord.



Klima, energi og miljø

Utfordringar

Utsleppa av klimagassar er høgare pr innbyggjar i Suldal (12 tonn) enn i landet elles (8 tonn). Dette skuldast i hovudsak utslepp frå mobile kjelder (bilar og motorreiskap), prosessutslepp (metanutslepp frå husdyr m.v.). Men nåverande årleg skogtilvekst bind alt av CO₂-utsleppa me har lokalt.

Suldal er ein av dei store kraftkommunane i landet. Røldal-Suldal og Ulla-Førre produserer om lag 7% av total landsproduksjon. Ei rekke

småkraftverk produserer meir enn straumforbruket i Suldal. Samla har dette ført til store inngrep i naturen.

Naturen og kulturlandskapet er under press frå kraftutbygging, hyttebygging, tilgroing, forfall av kulturminne m.v. Dette har negative verknader for det biologiske mangfaldet og det historiske kulturlandskapet.

Mål

1. Klimautslepp i Suldal skal stabiliserast på 2009-nivå innan 2017.
2. Energiforbruket skal reduserast og auka del av forbruket skal koma gjennom bruk av alternativ fornybar energi.
3. Suldal kommune skal framleis vera ein stor produsent av vasskraft og vil auka produksjonen på ein berekraftig måte.
4. Det biologiske mangfaldet skal oppretthaldast, med særleg merksemd på trua og sårbare artar og naturtypar, på villaks og villrein.
5. Skapa forståing, respekt og stoltheit for den eineståande kulturarven me forvaltar i Suldal.

Frå Foldøy naturreservat og fuglefredingsområde.



Hovudstrategiar

1. Kommunedelplan for klima og energi for Suldal kommune, vedteken 08.05.2012 skal leggest til grunn for politikken på dette området.
2. Retningslinjene for utbygging av små kraftverk skal følgjast. Sjå faktaboks s. 24
3. Ved revisjon av kraftkonsesjonar skal miljøaspektet tilleggas særskilt vekt.
4. Støtta miljøfremjande tiltak i landbruket.
5. Auka kunnskapen om det biologiske mangfaldet og nytta denne aktivt i arealforvaltninga. Informera aktivt om dette på kommunen sine nettsider for å skapa auka forståing og interesse.

FOLKEHELSE

Bygdeutvikling

I nye bustadfelt skal det opparbeidast gode leike- og opphaldsområde som fremjar fysisk aktivitet og sosial kontakt.

Leike- og opphaldsareala skal gi høve for ulike type leik og kunne brukast av ulike aldersgrupper og funksjonsnivå. Adkomst til områda må kunne føregå langs gong- og sykkelveg, fortau, sti eller lite trafikkert veg.



Rådyret er ein av dei mange jaktbare viltartane i Suldal.

Miljøfyrtårn

Ein av strategiane i Suldal kommune sin klima- og energiplan var å melda seg inn i stiftinga Miljøfyrtårn. Det er Norges mest brukte sertifikat for verksemder som vil dokumentera miljøinnsats og samfunnsansvar.

For å bli godkjend som Miljøfyrtårn-bedrift må verksemda oppfylle visse spesifiserte krav som er tilpassa kvar bransje. Det skal leverast årlege miljørapportar og bedrifta må re-sertifisera seg på nytt kvart tredje år. Det blir stadig vanlegare å krevja at bedrifter er miljøsertifiserte i samband med anbod m.v.

Ved å melda seg inn i Miljøfyrtårn og å ha sin eigen sertifisør (frå 2014) har Suldal kommune lagt til rette for, og vil oppmoda bedrifter i Suldal til å skaffa seg denne sertifiseringa. Samstundes har kommunen gjennom sin klima- og energiplan forplikta seg til å sertifisera eigne område (t.d. kontor, skular m.v.) som Miljøfyrtårn.

Ryfylkemuseet vart i 2014 den første Suldalsbedrifta som kunne smykke seg som Miljøfyrtårn-bedrift.



Roy Høibo tok i mot diplommet for Ryfylkemuseet.



Endringar i faunaen

Vipa ser ut til å vera forsvunnen som hekkefugl i Suldal. For få år sidan var vipa ein til dels vanleg hekkefugl i jordbruksområda i den ytre del av kommunen og i Suldals-dalføret. Dei siste par åra er det ikkje registrert hekkande vipe i Suldal. Også i kjerneområda på Jæren har bestanden blitt nærare halvert, sjølv om det framleis er kring 2000 par i kommunane Time, Klepp og Hå. I Norge kan det sjå ut til at nedgangen sidan byrjinga av 1990-talet er på så mykje som 84%.

Årsakene til denne nedgangen er ikkje heilt kartlagd. Harde vintrar og tap av biotopar på Kontinentet der vipa overvintrar, har nok hatt innverknad. Kråkefuglar og rovdyr tar egg og ungar. Elles er bonden den viktigaste aktøren når det gjeld å verna om vipa.



Erfuglen har auka i bestand i Suldal, både som hekkefugl og ikkje minst vinterstid med flokkar på opptil 2700.

Retningslinjer for sakshandsaming av kraftverk i Suldal

Desse retningslinjene vart vedtekne som ein del av Klima- og energiplan for Suldal kommune (2012). Der heiter det vidare: “Retningslinjene for sakshandsaming av kraftverk skal følgjast. Alle søknader skal likevel gjevast ei individuell handsaming der dei totale verknadene av utbygginga blir vurdert.”

1. Alle søknader om kraftutbygging skal sendast aktuelt grendeutval til uttale
2. Kraftverk bør ikkje berøra areal over skoggrensa
3. Søknader om utbygging i landskapsver nområde vil bli frårådde når dei går utover verneformålet.
4. I vatn som fungerer som magasin, bør det berre tillastast ei lita regulering utover tidlegare eller naturleg regulering, til dømes pluss/minus ein meter.
5. Ein må ta særleg omsyn til utforming i område nytta til rekreasjon og fritidsføremål
6. Ein må ta særleg omsyn til utforming i verna vassdrag og i område der kulturlandskap eller naturkvalitetar er viktige.

Vilkår:

1. Det skal til vanleg krevjast minstevassføring slik at ein unngår turrleggjing av vassstrengar, med unntak av vassdrag som er naturleg turrlagde i lengre periodar i normalår
2. Det skal setjast strenge krav til demping av støy
3. Ein skal så att sår i terrenget med naturleg vegetasjon så langt det let seg gjera.



Flossånå nær Nes renn framleis fritt. Området kring Blåsjø (under) er prega av store landskapsinngrep.



Regionalutvikling

Suldal kommune har tradisjon for å vera ein aktiv aktør innan regionalpolitikk og interkommunalt samarbeid. Samarbeidet har for det meste vore sørover, men også nord- og vestover. Framtida kan endra på dette. Med opning av Sandsfjordbrua i 2015

vil Suldal bli knytt til kommunane vestover på ein ny måte med døgnopen veg. Dette gir moglegheiter for nye samarbeid og kortare avstand til nye arbeidsmarknader for deler av kommunen.

Utfordringar

Å henta ut samarbeidsgevinstane ved å gjera samarbeidet meir forpliktande. Det betyr å gå frå

nettverkssamarbeid til felles løysingar under felles leiing.


Mål

Suldal kommune skal vera ein aktiv pådrivar og deltakar i regional utvikling og samarbeid.

Suldal skal aktivt søkja regionale løysingar på felles utfordringar i Ryfylke og tilstøytande regionar (Haugalandet, Hardanger, Vest-Telemark og Setesdal). Det gjeld samarbeid både med andre kommunar og private regionale interesseorganisasjonar. Samarbeidsgevinstane skal hentast ut gjennom å gjera samarbeidet meir forpliktande. Fellesløysingar skal veljast i staden for egne løysingar der det gir gevinst.

Hovudstrategiar

- Suldal vil aktivt ta del i nettverk og prosjekt som kan munna ut i nye interkommunale løysingar.
- Suldal vil delta i regionalt utviklingsarbeid som skjer i private og offentlege interesseorganisasjonar innan næringsliv / reiseliv, kunst og kultur, idrett og liknande.



Samferdsle

Med Suldal si vide utstrekning og busetjingsmønster med mange grendelag vert samferdsle viktig. I 2015 opnar Sandsfjord bru med tilknytingsvegar saman med ny tunnel / veg frå Lovraeid til Tysingvatnet. Brua vil på ein ny måte knyta kommunen saman. Brua vil også knyta Suldal tettare til kommunane vestover.

Utfordringar

- Å betra vegstandarden og då særleg på riksveg/fylkesvegnettet
- Å styrkja vegvedlikehaldet
- Å halda oppe eit tenleg kollektivtilbod både når det gjeld buss og hurtigbåt.
- Å byggja ut og drifta elektroniske samband til tross for at busetnaden er liten og spreidd

Samstundes står det att å rassikra deler av Rv13 gjennom kommunen. Høgast prioritet har strekninga Lovradalen- Sand med Rødsliane på topp. Brattlandsdalen er også prioritert strekning.

Regionalplan for areal og transport i Ryfylke gir grunnlag for prioriteringar på fylkesvegnettet og for kollektivtilbodet.


Mål

Suldal skal ha trygge vegar – både internt og inn/ut av kommunen.

Suldal skal ha gode kollektivtilbod.

Elektroniske samband skal vera tilgjengelege for alle i Suldal.

Sandsfjordbrua er det største samferdsleprosjektet i Suldal dei siste åra. Fylkesutvalet på synfaring i 2014.



Hovudstrategiar

- Arbeida for opprusting og rassikring av Rv13
- Arbeida for heilt eller delope ferjesamband Nesvik-Hjelmeland til ferjesambandet eventuelt vert avløyst med bru/tunnel
- Arbeida for betre vedlikehald av riks- og fylkesvegar
- Arbeida for rydding / skoging langs riks-, fylkes- og kommunale vegar.

- Arbeida for å oppretthalda og utvikla raske og tenlege hurtigbåt – og bussruter inkl. ekspressbussruter. Det må vera korrespondanse mellom dei ulike rutetilboda.
- Arbeida for realisering av Haukelibanen.
- Arbeida for full mobildekning først og fremst der folk bur og ferdast.
- Arbeida for full dekning av datasamband i samarbeid med elverket og andre aktørar.



Klimaendringane fører til store utfordringar som m.a. kommunen må ta på alvor. Store, konsentrerte mengder regn eller snø kan føra til stengde vegar, nedsnødde kraftlinjer, ras og andre problem. Springflo og storm, kombinert med auka havnivå er ei utfordring for bygningar i sjøkanten.



Samfunnstryggleik

Den kommunale beredskapen har dei seinare åra blitt meir fokusert mot katastrofar og større ulykker, og mindre mot krig. Sivilvernlova seier at kommunane må arbeida systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik, og ivareta befolkninga sin tryggleik.

Kommunane vert pålagde å ha planverk på ulike område. Slike planar, til dømes helseberedskapsplan, tiltaksplan ved akutte krise og kommunikasjonsplan, skal regelmessig reviderast og vidareutviklast saman med risiko- og sårbarhetsanalysar.

Kommunen pliktar òg å ha ein overordna beredskapsplan som mellom anna omtalar den kommunale kriseleiinga, samarbeidet med eksterne aktørar og fordelinga av ansvar og oppgåver under ei krise.

Stortingsmelding 29- 2011/12 omtalar fire viktige

prinsipp for arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. *Ansvarsprinsippet* seier at det mynde, verksemd eller etat som til dagleg har ansvaret for eit område òg har ansvar for førebuingar og utøvande teneste ved kriser. *Likskapsprinsippet* seier at den organiseringa verksemda har under ei krise skal vera mest mogleg lik den daglege organiseringa. *Nærleiksprinsippet* seier at kriser skal handterast på det lågaste moglege nivået i ei verksemd. *Samvirkeprinsippet* seier at den ansvarlege mynde eller verksemda sjølv har eit ansvar for å samvirke med andre aktørar om førebuing og krisehandtering.

Suldal kommune sin overordna beredskapsplan byggjer på dei fire prinsippa og sentrale rettleiarar.

Mål:

Suldal kommune skal gjennom si planlegging førebygge risiko for kriser og ulykker, og arbeida med sikte på å bli minst mogleg sårbar i slike situasjonar.

Frå utrasinga i Suldalslågen i 2014.



4

Kunnskapssamfunnet



Suldal kommune er god å bu og vekse opp i. “It takes a village to raise a child” er eit afrikansk uttrykk som fortel oss at me alle har eit ansvar for å bidra til at barn får ei god utvikling. Det er viktig å sjå barn og unges oppvekst ut frå eit heilskapleg perspektiv, å sjå ulike tenesteområde, barnehage, skule, fritid, familie og samfunn i samanheng.

For at kommunen skal bli attraktiv, er det viktig at tenestetilbodet har god kvalitet. Dette er med på å styrke omdømmet til kommunen. Personalet i barnehage, skule og SFO i Suldal har god kompetanse og yt stor innsats.

God leiing er ein avgjerande faktor for gode resultat. Systema våre må bere preg av nok kunnskap, god

kompetanse, forventningar og krav, kontroll og kvalitet.

I barnehage og skule må barns utvikling og læring vere i fokus. Det er det einskilde barnet som må lukkast og oppleve læring, meistring og utvikling. Ein suksessfaktor for å få til dette, er kollektivt orienterte barnehagar og skular, der heile personalet står samla om felles praksis.

Alle som arbeider med ulike sider av barnet si oppvekst må spela på lag med kvarandre. Det skjer mykje positivt i utvikling av det tverrfaglege samarbeidet i kommunen. Barn og familiar må oppleva at tenestene er koordinerte og samordna, at tiltaka er effektive og vert sett i verk til rett tid.

10. klasse-elevar ved Sand skule får vitnemåla sine etter endt skulegang.



PPT er ein viktig støttespelar både i forhold til barn, unge og foreldre, og i samarbeidet med barnehagar og skular. Barnevernet sitt arbeid er ei blanding av støtte og kontroll, og dei har ei særskilt oppgåve med å beskytte barn mot omsorgssvikt. Helsestasjonen har ei viktig oppgåve i å oppdage eventuelle utfordringar og støtte og rettleie foreldra. Psykisk helse, legar og NAV kan også vere viktige aktørar for å gjere barns oppvekst god.

Suldal kommune har valt ein desentralisert barnehage- og skulestruktur. Barneskulane må vere samkøyrde for å førebu elevane på felles ungdomsskule.

Barn, elevar og familiar kan ha ulike typar utfordringar. Det er mellom anna ei auke i psykososiale vanskar hos barn og unge. Utestenging og mobbing er ein utfordring også hjå oss. Inkludering av alle typar menneske og fokus på eit mangfaldig samfunn er derfor viktige kjerneverdier som må ligge i botn for alt. Det er også ein utfordring at mange barn og unge i dag er for lite fysisk aktive. Arbeid med førebygging må starte frå barna er født, og vere ein viktig strategi for å hindre fråfall i skule og arbeidsliv og utvikling av livsstilssjukdommar.

Å satse på foreldra som ein ressurs vil vera ein svært viktig strategi for å hindre at utfordringar og problem får vekse seg større.

Utfordringar

- Å ha tilstrekkeleg med fagfolk
- Å få til meir målretta og systematisk arbeid
- Fleire barn og familiar med utfordringar
- Å utvikla godt psykososialt miljø i barnehage og skule
- Å auka den fysiske aktiviteten blant alle aldergrupper
- Å få til eit godt samarbeid internt i sektoren og med heimane og dei andre kommunale sektorane
- Å få til god oppfølging og inkludering av familiar med annan kulturbakgrunn

Mål

Alle barn og unge i Suldal opplever læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag.

Hovudstrategiar

- Satsa på rekruttering og kompetanseutvikling for dei tilsette
- Dei ulike tenestene skal aktivt nytta foreldra som ressurs
- Ha kvalitet i alle ledd
- Ha fokus på koordinering og samarbeid
- Alle barn skal raskt bli inkludert i barnehage, skule og fritid.
- Medverknad frå barn og unge.
- Førebygging og tidleg innsats skal ha fokus
- Stimulera til fysisk aktivitet hjå barn og unge.

Alle elevane i Suldal får tilbod om leirskuleopphald både på Gullingen og Foldøy i løpet av skulegangen. T.v. og i midten frå Foldøy, der mykje av undervisninga er langs stranda. Til høgre kanopadling på Mosvatnet.





Frå Erffjord skule.

Gullingen leirskule

har som målsetjing at:

- Elevane på leirskulen skal få gode naturopplevingar og auka forståing for naturen, gjennom friluftsliv og tverrfaglege undervisningsmåtar.
- Ei veke på leirskulen skal òg gje elevane gode rammer for å utvikle sosial kompetanse og evne til samarbeid.

Utfordringa er vidareutvikle kvaliteten på Gullingen leirskule for om lag 25.000 elevar som skal på leirskule i planperioden.

For å nå dette må leirskulen halde eit høgt nivå på pedagogisk utviklingsarbeid og kompetanseheving.

Kollektivt orienterte skular der ein står saman om felles praksis er ein suksessfaktor.

Sosial kompetanse

Satsingsområdet for barnehagane i Suldal dei neste åra er sosial kompetanse. Dette gjer kommunen gjennom programmet «Vera saman».

Ei av målsetjingane i «Vera saman» er å heva kompetansen hjå alle tilsette når det gjeld kunnskap om relasjonsbygging, tidleg innsats, utfordrande adferd og inkludering.

Gjennom denne kunnskapen ynskjer me at heile personalet skal bli betre på å vera varme og grensesetjande vaksne.

Visjonen for programmet er:

«I Suldal barnehage arbeider me slik at eg skal vera meg, men gi plass til andre slik at dei blir seg.»

Oppvekst

FOLKEHELSE

Styrka skulane som møtestad.

Barnehagane og skulane skal la fokus på natur, friluftsliv og helse vera ein naturleg del av kvardagen.

Bidra til å sikre dei unge ein trygg overgang mellom barnehage og skule. I tillegg mellom grunnskulen og vidaregåande skule med det føremål å hindre fråfall.





5

Å bu og trivast



Folkehelse

Innbyggjarane i Suldal har jamt over god helse, dei trivst godt og har det bra. Me har trygge lokalsamfunn med gode og varierte sosiale møtestadar og rike høve for lek og fysisk aktivitet.

Det er gode og positive sosioøkonomiske tilhøve i kommunen, og ei positiv utvikling på dette feltet. Suldølen er friskare enn landsnittet. Om suldølen er friskare, ser ein at gruppa livsstilsrelaterte sjukdomar og utviklinga over tid, likevel følgjer den negative

utviklinga elles i samfunnet.

Det er ein positiv trend når det gjeld talet på rusmiddelmissbrukarar i kommunen. Kommunen må framleis ha ein rusmiddelpolitikk som tek sikte på å auka innsatsen i det haldningsskapande og førebyggjande arbeidet mot rusmiddelbruk.

Ein heilskapleg politikk må gjelda både førebygging, løyvepolitikk og kontrolltiltak.

Utfordringar

- Det er levekårskilnadar i Suldal
- Antal livsstilsrelaterte sjukdommar i Suldal er aukande
- Bygg og uteområde kringom i kommunen kunne

vore betre universelt tilrettelagt og meir aktivitetsstimulerande.

- Me har mange rasfarlege og smale vegar med dårleg standard.

Mål

God livskvalitet for alle i Suldal. Alle som bur og oppheld seg i Suldal skal møte trygge lokalmiljø som inviterer til ei aktiv fritid og fremjar god helse og trivnad.

Hovudstrategiar

- Iverksetja tiltak for å komme dei til ei kvar tid definerte helseutfordringane i møte.
- Leggja til rette for at det einskilde individ finn fram til gode tiltak som fremjar eiga helse, restarbeidsevne og meistring.
- Auke bruken av helsekonsekvensutgreiningar i saks- handsaminga.

- Planlegga tilgjengelege, trygge og grøne bumiljø som fremjar aktivitet, trivnad og god helse for alle.
- Styrka samarbeid i det rusførebyggjande arbeidet.
- Støtta alkoholfrie arrangement for ungdom.
- Arbeida for eit lokalsamfunn der bruk av narkotika er uakseptabelt.



FOLKEHELSE

Idrett og friluftsliv

Kommunen skal bidra til aktivitet, mangfald og attraktivitet når det gjeld anlegg og område for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og lek.

Med det nye badeanlegget vil anleggsbehovet i Suldal vera godt dekkja. Mest ressursar i framtida vil knyta seg til rehabilitering og fornying av eksisterande anlegg.

Leikeplassar og turområdet i nærmiljøet er viktige for folkehelsa.

Rameføresetnader for sals- og skjenkeløyve i Suldal kommune

1. Salsløyve for drikk med inntil 4,7 volumprosent alkohol vert avgrensa til ordinære daglegvare/matvarebutikkar. Salstida er butikkane si opningstid, men ikkje lenger enn til kl. 20.00 måndag-fredag og kl. 18.00 på dagar før søn- og helligdagar unntatt dag før Kristi himmelfartsdag.

2. Det er krav om matserving i samband med alle skjenkeløyve. For faste løyve til skjenking av brennevin er det krav om restaurantservering. Skjenking av øl, vin og brennevin skal ikkje skje seinare enn kl. 02.00 innandørs og 01.00 på skjenkeområde utandørs.


3. Det skal førast effektiv kontroll med sal og skjenking i samsvar med lovverket. Det skal vera tett kontakt mellom kommunen og sals- og skjenkestadane med sikte på motivasjon og informasjon. Alle som har sals- og skjenkeløyve skal gjennomføra kurset «Ansvarlig vertskap» kvart 4. år.

Ung i Suldal

Suldal kommune vil ta vare på og utvikle gode oppvekstkår, slik at alle barn og unge i Suldal har tilgong på:

- Trygge vaksne.
- Kvalitativt gode og helsefremjande barnehagar og skular.
- Natur-, kultur- og fritidsarenaer.
- Samanhengande og meningsfull hjelp og oppfølging ved behov.
- Levande lokalsamfunn med møtestadar, aktivitetar og fritidstilbod der barn og unge får vera i lag med engasjerte og samarbeidande vaksne.
- Samordna tenester for barn og familiar med behov for ekstra oppfølging.
- Varierte aktivitetar som styrker barn og unge si deltaking ved mellom anna å vidareutvikle samarbeidet med frivillige.
- Informasjon og høve for medverknad for barn og unge.
- Ein rusfri oppvekst.

Frå klatrevæggen i Suldalshallen.



Helse og omsorg

Suldal kommune har i dag pleie- og omsorgstenester på to nivå: Institusjonstenester og heimebaserte tenester.

Det kommunale tenestetilbodet innan helse og omsorg er godt, men ein kan dreia det meir mot forebygging og kvardagsrehabilitering i heimane. Eit godt samarbeid med frivillige vil styrka tenestene.

Frivillig arbeid

- I Suldal kommune er frivillige viktige samarbeidspartnarar og pådrivarar
- Suldal kommune har ein stor ressurs i frivillige lag og organisasjonar som yte støtte og omsorg på mange område.
- «Frivillige hender» kan hjelpe dei som har trong for ei støttande hand ved lindrande behandling eller annan oppsøkande verksemd, dei kan også hjelpe til som følgje eksempelvis til lege, fysioterapi o.l.

I Samhandlingsreforma ligg det at ein skal behandle fleire pasientar på kommunenivå, som t.d. psykisk sjuke, kronisk somatisk sjuke og rehabilitering i vid forstand. Det vil føre med seg at ein må auke kompetansen for å møte denne utviklinga.

Talet personar med demens er forventa å auka. Det er krevjande å gi tilbod til denne brukargruppa ute i heimane. Det er oppretta demensteam for å kartleggje brukarane og det må arbeidast for å få eit godt tilbod på dagtid for denne gruppa.

Tilbodet til eldre med psykiske sjukdommar må prioriterast, men det er og viktig at psykisk helseteneste kjem tidleg inn i livet til folk som slit. Det er viktig at ungar vert ivaretekne. Personar med alvorlege rus og psykiske lidningar treng tett oppfølging.

Tilboda på alle omsorgsnivå vert gitt etter BEON-prinsippet - Beste Effektive Omsorgsnivå. Tenestene skal ha fokus på forebygging med hjelp til sjølvhjelp og livskvalitet i alle ledd.

Bestillarkontoret

- tek imot og sakshandsamar søknad
- er adresse for koordinerande eining
- tildeler omsorgsbustadar og bustadar for vanskelegstilte
- tildeler hjelpemidlar, institusjonsplass, korttidsplassar og tenester i heimen

Suldal kommune har utarbeidd bustadsosial handlingsplan. Det er i tillegg utarbeidd retningslinjer for sakshandsaming og tildeling.

Koordinerande eining

Koordinerande eining er satt saman av dei fleste faggrupper for å sakshandsama søknader om individuell plan og gi tenester til dei som har trong for langvarige og koordinerte tenester

Heimetenester

vert ytt til hjelpetrengande i private heimar, omsorgsbustadar, bu – og aktivitetssenter og i bufellesskap på bu - og omsorgssentra.

I tillegg til praktisk bistand, matombringning og helsehjelp i heimen vert det gitt avlastning privat eller i institusjon. Tenester kan òg vera dagtilbod, omsorgsløn, støttekontakt, råd og rettleiing samt arbeidsførebuande tiltak, hjelpemiddel eller trykghetsalarm.

Sjukeheimen

Tilbodet ved sjukeheimen gis som langtidsplass for demente, psykisk sjuke og somatiske brukarar, korttidsplass på somatisk inntil 3 månader, lindrande behandling etter behov, avlastningstilbod og øyeblikkeleg hjelp teneste inntil 3 dagar.

Barnebustad

Heildøgntilbod til barn under 18 år.

Avlastning for barn og unge

Tilbod som skal avlasta foreldre med krevjande omsorgsoppgåver.

Hovudintensjonen med samhandlingsreforma som gjeld frå januar 2012 var at teneste, kompetanse og bemanning skal styrast meir frå kommunane, men det skal samstundes leggjast stor vekt på samarbeid med spesialisthelsetenesta. Ein skal kunne behandle fleire pasientar på kommunenivå. Dette gjeld brukargrupper som til dømes kronikarar, psykisk sjuke og eldre. Dette er i tråd med den politikken Suldal har hatt i mange år.

Interkommunalt helsesamarbeid

For å møte dei nye utfordringane som samhandlingsreforma gir kommunane, både når det gjeld forebygging og behandling er det vedteke eit helsesamarbeid mellom kommunane Vindafjord, Etne, Sauda og Suldal. For å få til eit godt tilbod med god fagleg kompetanse blir kvar kommune for små aleine.

Det vert viktig å leggje arbeid i gode prosessar for å få eit godt fagleg tilbod til innbyggjarane våre.



Rehabilitering er ein viktig del av helsetenestene.

Helse

Inneheld tenester som fastlegeordning, legevakt, fysioterapitenester, helsestasjon med jordmor og kreftsjukepleiar. Tenestene arbeider tett med andre einingar i kommunen med føremål å gi gode og tilpassa helsetenester.

Psykisk helse

Tenesta skal vera lett tilgjengeleg for dei som har psykiske sjukdommar. Dagtilbodet skal vera ein stad for meistring og trening, samt at psykisk helse har eit tett samarbeid med heimetenesta der ein gir samordna hjelp i heimen. Det er også samarbeid med

frivillige og andre kommunale tenester for å gi best mogleg koordinerte tenester.

NAV

Samfunnsoppdraget til NAV er å bidra til brei deltaking i arbeid og samfunn, og til økonomisk tryggleik for den einskilde. Brukarane skal oppleva at dei får heilskapleg innsats, uavhengig av kva som er kommunen eller staten sitt ansvar.

NAV skal leggja til rette for kompetanseutvikling innan sosiale tenester og ha ei satsing innan levekårsområdet og bidra til å kjempa mot fattigdom.

Utfordringar

- Det er forventa auke i talet på personar med demens i kommunen
- Større krav til samarbeid og koordinerte tenester
- Sikra kvalitet i ein meir internasjonal arbeidsstokk
- Auka krav om at rehabilitering/ habilitering skal vera ein integrert del av pasientforløpet

Velferdsteknologi og Innovasjon

- Suldal kommune vil satsa på teknologi som kan hjelpa brukarane til å få tryggleik, kunne bu lengst mogleg heime og bli mest mogleg sjølvhjelpete.

- Velferdsteknologi kan også brukast som eit verktøy for pårørande og bidra til å forbetre tilgjengelegheit for tenestane.

Mange hender er i sving på sjukeheimen på Sand. Eit godt arbeidsmiljø er viktig.





Helsetunet på Sand er nyleg rusta opp til tidsmessige lokale. Her frå laboratoriet.

Mål

Suldal har forsvarlege og kostnadseffektive helse,- omsorgs og sosialtenester der det vert lagt vekt på førebygging og livskvalitet.

Suldal har eit forsvarleg og godt helsetilbod tilpassa den einskilde brukar.

Hovudstrategiar

1. Gi tenestene på beste effektive omsorgsnivå (frå Leon-prinsippet -Lågaste Effektive Omsorgsnivå til Beon-prinsippet – Beste Effektive Omsorgsnivå).
2. Heimebaserte tenester skal i størst mogleg grad gis i private heimar
3. Arbeida interkommunalt og tverrfagleg der det er formålstenleg.
4. Styrka førebyggingsarbeidet innan alle fagområde
5. Drifta skal vera kostnadseffektiv og samarbeidsorientert
6. Utvikla ordningar innan velferdsteknologi

7. NAV skal sikra at brukarane får rett hjelp til rett tid der arbeid er fyrstevalet.

8. NAV skal hjelpe arbeidsgjevarar med å få ned sjukefråveret og rekruttera nye medarbeidarar til næringslivet.

Omsorg og helse

FOLKEHELSE

Omsorgstenestene vil samarbeida meir med lag og interesserte privatpersonar.

Helsestasjon for ungdom skal gi lågterskeltilbod til unge som har behov for råd og rettleiing. Frisklivsentralen skal gi tilbod til alle aldersgrupper for å meistre kvardagen. Den skal også ha fokus på førebygging for å forhindra eller utsetja sjukdom.

Kultur

Suldal skal vera ein kulturkommune der kulturen har sin eigenverdi, og der kulturen skal vera ein integrert del av livsløpet til innbyggjarane, både som deltakarar og mottakarar. Den profesjonelle kulturen skal utfylla og motivera til eigenaktivitet og deltak-

ing i det frivillige kulturlivet. Kultur er identitetsfremjande og samfunnsbyggjande, og skal fremja livsutfalding og trivsel. Kulturkompetanse og kulturskaping skal nyttast bevisst til auka skaparglede, kreativitet og innovasjon.

Utfordringar

1. Å utvikla tilbod og aktivitet som treffer når innbyggjargruppene er små og marginale i alder, interesser og geografisk.
2. Kunna fanga opp potensialet i det frivillige arbeidet når dette er i endring mot kortare, prosjekterte og mindre forpliktande innsats, og utvikla nye samarbeidsformer og arenaer.
3. Å utvikla gode nettverk mellom offentlege og profesjonelle kulturaktørar, reise- og næringsliv som saman bidreg til utvikling av kulturlivet og skaper synergjar i samfunnsutviklinga.
4. Å sikra både materielle og immaterielle kulturminne gjennom fysisk bevaring og gjennom formidling og levandegjering.

Mål

Suldal skal vera ein spydspiss i kulturlivet i regionen med fokus på breidde og mangfald. Kulturskaping og kulturdeltaking er ein viktig og sjølvsgatt del i samfunnsutvikling, identitetsskaping og livskvalitet.

Hovudstrategiar

1. Verna om, og satsa på gode basistilbod som bibliotek, kulturskule, kulturhus og kommunale og frivillige fritidstilbod i tråd med statlege føringar i Kulturutredningen 2014.
2. Tenkja nytt i forhold til samarbeid, aktivitetar, brukargrupper og kundar med fokus på brukarperspektivet og etterspurnad.
3. Utvikla gode arenaer, møteplassar og nettverk ved å styrka dei eksisterande som fungerer godt og tilrettelegga for nye i tråd med endrande behov.
4. Ha fokus på eksterne tilskotsordningar, både til eiga utvikling og som formidlar og tilretteleggjar for andre som kan søkja.
5. Vera drivkraft for å implementera kultur og kulturskaping i andre tenester i kommunen og i lokalsamfunnet elles, og synleggjera kulturen si rolle i det tverrfaglege folkehelsearbeidet.
6. Plan for skjøtsel av kulturminne i Suldal, revidert 2014, skal nyttast aktivt for å ta vare på kulturminna i kommunen. Planen skal nyttast i haldningsskapande arbeid, og i samarbeid med Ryfylkemuseet stimulera til vern og formidling av bygningar og samlingar, språk og forteljingar, musikk og handverk og andre tradisjonar innan arbeid og fritid.

Frå framsyninga "Syng elvestraum" ved Kulturhuset.



Kultur

FOLKEHELSE

Skapa felles møtestadar og aktivitetar for heilskaps-tenking og kreativitet innanfor samspelet natur - kultur - helse.

Inkludering

Det er i dag innbyggjarar i Suldal frå over 30 nasjonar. Nokre kjem fordi dei har fått arbeid, nokre som partnerar til sulddøler og nokre som flyktningar til

introduksjon. Kommunen sitt tilbod er her dei vanlege ordinære tenestene, samt vaksenopplæring og introduksjonsmedarbeidarar.

Mål

1. Suldal skal vera ein kommune kor alle tilflyttarar, både norske og utanlandske, er godt integrert.
2. Deltakarar i introduksjonsprogrammet skal vera klar til yrke eller utdanning etter fullført program
3. Elevane i vaksenopplæringa skal læra norsk språk så godt at dei kan nytta det til å kommunisera i alle samanhengar. I tillegg skal dei kunne ta obligatoriske norsk- og samfunnsfagprøvar i løpet av introduksjonstida.

Hovudstrategiar

1. Det skal vera gode organisatoriske ordningar som fremjar godt integreringsarbeid
2. Vaksenopplæringa skal vidareutvikla kompetansen til personalet og bygga opp gode læremiddelsamlingar

Elevar og lærarar frå vaksenopplæringa på skidag ved Gullingen.

FOLKEHELSE

Introduksjonstenesta

Vidareføre kommunen si bevisste satsing på integrering av minoritetsgrupper i lokalsamfunna



6

Kommunen som organisasjon og arbeidsgjevar



Den politiske og administrative organiseringa legg til rette for heilskapleg styring av kommunen. Plan- og budsjett rutinar vert lagde for å støtta opp om målretta styring av dei kommunale ressursane.

Grunnlaget for kommuneorganisasjonen er knytt til lokaldemokratiet.

Den politiske styringa skjer gjennom planar, bud-

sjett, retningslinjer og vedtak i einskildsaker.

Kommunen si administrative organisering og oppbygging vert justert etter dei oppgåvene kommunen til ei kvar tid har ansvar for. Rådmannen har ansvar for ei heilskapleg administrativ leiing. Administrasjonen må ha handlingsrom innafor vedtekne politiske ramer, slik det går fram av delegasjonsreglementet.

Utfordringar

- Å vera ein organisasjon som er resultatorientert, endringsvillig og serviceinnstilt.
- Å til ei kvar tid ha nok medarbeidarar med ønska og naudsynt kompetanse.

Mål

- Suldal kommune skal vera ein heilskapleg og målstyrt organisasjon med forsvarleg og kostnadseffektiv organisering og drift.
- Suldal kommune skal vera utviklingsorientert med gode etiske haldningar hjå politikarar og tilsette.
- Suldal kommune skal vera ein god organisasjon å arbeida i for serviceinnstilte og resultatorienterte medarbeidarar som gir kommunen eit godt omdømme.

Hovudstrategiar

- Rekruttera nok kompetente medarbeidarar innan dei fleste fagområda. Som hovudregel tilby heile stillingar.
- Skapa kultur for læring samstundes som me satsar på etter- og vidareutdanning.
- Utvikla leiarar som er tydelege, utfordrande og i samspel med medarbeidarane når målsetjingane.
- Satsa på ein felles bedriftskultur basert på likestilling, serviceinnstilling og resultatoppgåving.
- Arbeida aktivt med målsetjingane i inkluderande arbeidsliv og utvikla helsefremjande arbeidsplassar. Leggja til rette for arbeid for dei som har vanskar med å koma inn på den ordinære arbeidsmarknaden.
- Vidareutvikla ein lokal lønspolitikk basert på individuell vurdering.
- Ha kontinuerleg fokus på føremålstenleg og kostnadseffektiv organisering og drift.
- Nyttja brukar-, innbyggjar og medarbeidarundersøkingar.
- Vidareutvikla internkontrollsystem og bruka desse for å kvalitetssikra den kommunale verksemda både fagleg og administrativt.

FOLKEHELSE

Arbeidsgjevarpolitikk

Kommunen som arbeidsgjevar skal visa fleksibilitet og leggja til rette for gode arbeidstidsordningar når tilsette er i ein sårbar livsfase.


Auka kunnskap om folkehelse i kommunen med særleg fokus på kompetanseheving knytt til dei definerte helseutfordringane for kommunen.

Ove Bråtveit er ein av over 600 som er tilsette i Suldal kommune, ved tenesteområdet Kommunale bygg og eigedomar. Her med ein vassleiding i Jelsa-området.



7

Arealdelen



Arealdelen

Arealdelen består av ein kartdel med hovudkart for arealbruk og temakart for visse omsynssoner; og ein tekstdel med føresegner og retningslinjer. Alle karta er rettsleg bindande og må sjåast i samanheng.

Kommuneplanens arealdel skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen, saman med reglane i Plan- og bygningslova (Pbl) og statleg regelverk som er heimla i denne lova. Føresegnene er rettsleg bindande, med heimel i Pbl § 11-6. Retningslinjene skal leggjast til grunn ved handsaming av arealbrukssaker. Alle paragraf-tilvisningar gjeld Plan- og bygningslova, tal i overskriftene er SOSI-koder.

I planen er det vist slike arealføremål, med fleire underføremål:

1. Område for bygg og anlegg
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
3. Grønstruktur
4. Landbruks-, natur- og friluftsføremål
5. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone
6. Omsynssoner

Føresegner og retningslinjer

1. Område for bygg og anlegg

1.1 Fellesbestemmelsar

1.1.1. Felles føresegner for alle byggeområde

a. Før frådelling og utbygging kan skje, skal det utarbeidd detaljplan for området, jf. §§ 11-7 nr 1 og 12.

b. Bygging skal ikkje koma i konflikt med (skada, øydelegga, forandra, skjemma etc.) automatisk freda eller prioriterte kulturminne. Automatisk freda fornminne skal bli ivaretekne i ein framtidig reguleringsplan gjennom bruk av omsynssone d (H730) i kombinasjon med friluftsføremål eller liknande, og med ei buffersone som er fastsett av kulturminnestyremaktene.

c. Tiltakshavar skal utgreia og beskriva konsekvensar for miljøet og for barn og unge, og dessutan gjennomføra ei ROS-analyse (risiko- og sårbarhetsanalyse) av det planlagde tiltaket. For tiltak under marin grense (ca 75 moh.) skal risiko for kvikkleire utgreiast.

d. Nye avkjørsler frå offentleg veg skal etablerast i samsvar med Statens Vegvesen sin rammeplan.

e. Bygg der ålmenta skal ha tilgjenge skal utformast etter prinsippet om universell utforming.

f. Bygg for varig opphald skal ikkje byggast lågare enn 2 meter over nåverande havnivå utan at bygget er sikra mot vassinntrenging opp til slik høgde. For andre bygg som skal byggast ved sjøen skal tiltak mot vassinntrenging vurderast.

g. Det kan ikkje byggast eller gjerast inngrep i grunnen nærare enn 20 meter frå vassdrag utan at det er gjort særskilt vurdering av rasfare, kantvegetasjon og andre relevante tema.

h. Naust/sjøhus skal ikkje ha større grunnflate enn 35 m² utan loft, mønehøgde 4,5 m og gesimshøgde 3,0 m. Brygger (ikkje flytebrygger) skal ikkje vera større enn naudsynt ut frå djupnetilhøve.

1.1.2. Felles retningslinjer for alle byggeområde

a. Ved planlegging og utbygging bør det leggjast til rette for klima- og energiltak i samsvar med "Klima- og energiplan for Suldal kommune 2012-17" (2013).

b. Suldal kommune sin rettleiar i byggeskikk "Bygg i Suldal" (2007) bør leggast til grunn ved all planlegging av byggeområde.

1.2. Bustadområde, næringsområde, busetnad for offentleg eller privat tenesteyting og fritids- og turistføremål

1.2.1. Føresegner

a. Leikeplassar

Ved planlegging av nye bustader gjeld følgjande:

- Sandleikeplass: 150 m². Desse skal plasserast med synskontakt frå bustad og vera trafikksikre. Sandleikeplass skal vera maksimum 50 meter frå bustad og kan vera felles for inntil 25 bueiningar.
 - Kvartalsleikeplass: 1500 m². Desse kan vera etablerte som ein del av overordna grønstruktur. Kvartalsleikeplassen kan vera inntil 150 meter frå bustadene, og skal vera felles for 25 - 200 bueiningar.
 - Leikeplassar skal ha sol på minst 50 % av arealet ved jamdøgn.
 - Areal brattare enn 1:3 kan ikkje reknast som leikeareal.
 - Leikeplassar skal vera opparbeidd før bruksløyve for bustad blir gitt.
- Ved fortetting med 3 - 6 bueiningar skal det vera leikeplass på minimum 50 m². Er det offentleg leikeplass nærare enn 50 meter, fell kravet bort.

b. Det skal leggast til rette for to parkeringsplassar pr bustadeining.

c. Bustadområdet Brakåsen/Klypetjønn (Vinjar) skal utbyggast i to byggetrinn: 1. Brakåsen 2. Klypetjønn (etter at punkt 1. er 70% utbygd.)

d. I Erfjord skal utbygging av kommunale bustadfelt skje i følgjande rekkefølge:

1. Erfjordlia/Stølane aust/Stølane sør
2. Skjerahaug (etter at punkt 1 er minst 50% utbygd)

3. Stølane nord (etter at punkt 2 er minst 50% utbygd)

e. Ved regulering skal det gjerast særlege vurderingar av overvasshandtering.

f. I næringsområdet Bergshagen, Sand skal tilhøvet til sikringszone for drikkevasskjelde avklarast i detaljplan. I dette området kan det ikkje etablerast detaljhandel som ikkje er særleg plasskrevjande.

g. Næringsområdet Tysingvatnet, Jelsa, skal byggast ut etappevis, der første etappe er sjølve dalbotnen mellom eksisterande nærings/industribygg.

h. I næringsområdet Jeljevikja, Erøy kan det i reguleringssplan leggjast til rette for naust og utleigebygg på landsida.

1.3. Fritidsbusetnad

1.3.1. Føresegner

a. Det skal ved utarbeiding av detaljplan takast omsyn til almenne interesser, særleg i 100-meter sona ved sjø og vassdrag. Tiltak i strandsona skal samlokalisert i størst mogleg grad. Det skal leggjast avgjerande vekt på omsynet til landskapstilpassing og biologisk mangfald. Det skal leggast til rette for 1,5 parkeringsplass pr eining.

b. For naust/brygger innan byggeområde for fritidsbustader gjeld same føresegner som for øvrige byggeområde.

1.4. Råstoffutvinning

1.4.1. Føresegner

Reguleringsplan skal visa etappevis utnytting, tilbakeføring og etterbruk. Planen skal også visa eventuell støysone kring anlegget.

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

2.1. Riks- og fylkesvegar, planlagde

2.1.1. Føresegner:

Utbygging skal skje etter vedteken detaljplan. Detaljplan skal også visa mellombelse riggplassar m.v. og eventuelle deponeringsområde for overskotsmassar.

2.2. Fiskerihamn

Gjeld Jelsa fiskerihamn.

2.2.1. Føresegner:

Alle søknader om tiltak i sjøområdet eller langs stranda skal sendast Kystverket for uttale.

3. Grønstruktur

3.1. Turdrag

Omfattar trase langs Suldalslågen på strekninga Sand – Suldalsosen.

3.1.1. Føresegner

Langs denne traseen kan det ikkje iverksettast tiltak som i

vesentleg grad forringar høve til allmenn ferdsel. Det kan etablerast tursti/gangveg/sykkelveg etter avtale mellom kommunen og grunneigar, eller etter detaljplan. Der det er behov for fysisk opparbeiding, skal traseval avklarast med kulturminnestyresmaktene.

4. Landbruks, natur- og friluftsføremål (LNF)

Omfattar det meste av landarealet innan planområdet. Det er i utgangspunktet her berre opna for å gi byggeløyve/frådelingsløyve til tiltak innan stadbunden næring, t.d. landbruk og fiske.

4.1. Fellesbestemmelsar for LNF-område

4.1.1. Føresegner for alle LNF-område

a. Eksisterande bebygde bustad- og fritidseigedomar i LNF-område utanom 100 meter-sona langs sjø skal, ved søknader om mindre bygg/uthus, handsamast som område der spreidd bygging er tillatt jf. Pbl §11-7 nr 5b. Innan 100 meter-sona skal alle søknader handsamast som dispensasjonssaker.

b. På landbrukseigedomar som hovudsakleg ligg i 100 meter-beltet ved sjø kan det oppførast naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag knytt til landbruksverksemd nærare enn 100 m frå sjøen, dersom ein ikkje kan finna alternativ plassering og/eller det blir plassert i tilknytning til eksisterande tun. Ved plassering skal det tas omsyn til andre vesentlege interesser jfr. PBL § 1-8.

c. Utbygging (bustad- og næringsbygg) eller andre tiltak innafor LNF-område må ikkje skade, øydelegge, forandra eller virka skjemmande på automatisk freda kulturminne eller gjera desse mindre tilgjengelege, jf. Kulturminnelova §§ 3 og 8. Landbrukssøknader som gjeld vegar, bygg, nydyrking, planering m.v., og søknader om oppføring av bustader, skal sendast på høyring til kulturminnestyresmaktene.

d. For søknader om nye tiltak i lausmasseområde under marin grense (ca 75 moh.) skal risiko for kvikkleire utgreiast.

e. Dersom det blir gitt dispensasjon for tiltak i LNF-områda ut over det som er nemnd ovanfor, gjeld avgrensingar gitt i føresegnene for LNF-område for spreidd bygging.

4.2. LNF-område med høve til spreidd bustad-, fritids- og næringsbusetnad

4.2.1. Føresegner for område utanfor 100 meter-sona langs sjø

a. I desse områda kan spreidd utbygging skje innan omfang som vist i tabell under.

b. Utbygging skal ikkje skje på dyrka mark, i plantefelt eller i produktiv skog, eller vera i konflikt med landbruks-, natur-, kulturlandskaps- eller friluftsiinteresser, skytebanar eller nedslagsfelt for drikkevatt.

c. Det kan ikkje byggast nærare sjøen enn 100 meter frå strandlinja eller 50 meter frå vatn og elver (100 meter in-

- nan verna vassdrag) før området inngår i detaljplan.
- d. Bygging skal ikkje koma i konflikt med freda eller prioriterte kulturminne. Alle tiltak skal vurderast av kulturminnestyresmaktene, jf. Kulturminnelovas §§ 3 og 8.
- e. Tiltakshavar skal gjennomføra ei ROS-analyse av tiltaket.
- f. Nye avkjørsler frå offentleg veg skal etablerast i samsvar med Statens Vegvesen sin rammeplan.
- g. Bustader skal ikkje vera større enn 200 m² BYA, med mønehøgde 8 m, gesimshøgde 6 m over terreng. Elles gjeld teknisk forskrift.
- h. Fritidsbustader skal ikkje vera større enn 90 m² BYA (eksklusiv terrasse) og maks. mønehøgde 7,5 m.
- i. Næringsbygg kan ikkje ha større grunnflate enn 300 m². Omgrepet næringsbygg omfattar ikkje sjøretta utleigebygg/reiselivsanlegg.
- j. På bustadtomter kan det byggast garasje/uthus på inntil 60 m² BYA i ei høgde.
- k. Jakt- og sankebuer skal ikkje vera større enn 50 m² BYA i ei høgde.

4.2.2. Føresegner for område i 100 m-beltet langs sjø

- a. Naust skal ikkje ha større grunnflate enn 35 m² og vera i ei høgde.
- b. Brygger (ikkje flytebrygger) skal ikkje vera større enn naudsynt ut frå djupnetilhøve.

4.2.3. Tabell over spreidd bygging i LNF-område med grense for tal einingar

Område/tal bustader (B), hytter (H) og næringsbygg (N)

Ropeidhalvøya Hebnæs 112/32: 2H
 Ropeidhalvøya Bjørklund: 3B 3N
 Ropeidhalvøya Kalvik – Løvik: 7H (5 på 119/2, 2 på 119/3)
 Ropeidhalvøya Refsbygdå: 5B 5H 3N
 Rørvikvatnet, Vintraleå: 1H
 Landsnes – Bog: 10H
 Erfjord: Kolstø: 5H
 Erfjord: Hålandsdal (3 delomr.): 10B 5N
 Natlandstøl, Erfjord: 4H
 Hylsfjorden (2 delomr.): 5B 5N
 Sandsbygda: 10B 5N
 Herabakka/Galland (2 delomr.): 5B 5N
 Tjøstheim (2 delomr.): 5H
 Underbakka - Lunde: 5B 5N
 Sandsa søraust: 1H
 Kvilldal: 5B 5N
 Kvilldal, Lauvastøsvatnet vest: 5H
 Kvilldal, Steinstøsvatnet nord: 2H
 Hamrabø: 5B 5N
 Kilavatn, Hamrabø: 6H
 Bråtveit: 5B 5H 5N
 Bråtveit, Mosvatnet: 5H
 Nesflaten: 5B 5N
 Roalkvam: 5B 5H 5N

5. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

5.1. Felles føresegner for heile sjøområdet

Vedlikehald og nyetablering av anlegg til navigasjonsmessig bruk innafor planområdet er tillatt, jf. Pbl. § 1-8, 4. ledd og § 11-11 nr 4.

5.2. Generelle fleirbruksområde FFFNA

Omfattar sjøområde for ferdsel, fiske, friluftsliv, naturvern og akvakultur.

5.2.1. Retningslinjer:

Område for akvakultur bør ikkje leggjast der det kjem i vesentleg konflikt med almenne interesser. Det bør takast særleg omsyn til område av særleg verdi for fiskeria. Anlegga bør ikkje ha installasjonar i sjøen eller på land utover det som er naudsynt for drifta.

5.3. Småbåthamner

5.3.1. Føresegner:

Det skal utarbeidast reguleringsplan der det skal anleggast småbåthamn med bygningsmessige anlegg (brygger, naust, sjøhus m.v.) på land. Småbåthamner bør innehalda gjesteplassar. For småbåthamn Drarvik skal areal på land utover det som er regulert (Drarvikneset, plan-id 060614), framleis vera LNF-område.

5.4. Område for fiske

Omfattar viktige område for fiske, t.d. gytedefelt.

5.4.1. Føresegner:

Det er tillatt med ferdsel og friluftsliv innafor desse områda. Det skal takast omsyn til fiskeriinteressene.

5.5 Område for fiske: kaste- og låssettingsplassar

5.5.1. Føresegner:

I desse områda skal det takast særskilt omsyn til fiskeriinteressene. Alle søknader om tiltak skal vurderast av Fiskeridirektoratet. I områda Nevøynå og Hellandshavn skal det også takast særskilt omsyn til friluftsiinteressene.

5.6. Område for natur

Gjeld sjøområde i tilknytning til Foldøy naturreservat og Steganeset fuglefredingsområde på Foldøy.

5.6.1. Føresegner:

For dette området gjeld eiga forskrift i medhald av naturmangfaldlova.

5.7. Friluftsområde

5.7.1. Retningslinjer:

Det bør ikkje gjevast løyve til bygningar i strandnære område på land, med unntak av anlegg som ledd i tilrettelegging for friluftsliv. Det er tillatt med fiske og allmenn ferdsel innafor desse områda.

5.8. Område for ankring

Omfattar område for ankring og opplag (Erfjord) av fartøy og installasjonar.

5.8.1. Føresegner:

Av dei to opplagsområda i Erfjord kan berre eitt område nyttast om gangen, jfr. avtale mellom Suldal kommune og Erfjord Ankerfestelag.

6. Omsynssoner

6.1. Omsynssone sikring av drikkevasskjelder H110

Omfattar nedslagsfelt for drikkevasskjelder på Sand, Jelsa og Erfjord H110_1 – H110_4.

6.1.1. Føresegner:

Det er ikkje tillate å setta i verk nye tiltak etter §20-1 eller frådela til slike føremål før området inngår i detaljplan og omsynet til drikkevasskjeldene er avklara.

6.2. Omsynssone støy H290

Gjeld kring skytebanar, helikopterbase på Garaneset, Sand og steinbrot på Berakvam

6.2.1. Føresegner:

Det kan ikkje gjevast byggeløyve eller frådelast til bustad- eller fritidsbustadføremål i desse områda før det ligg føre reguleringsplan eller er dokumentert at tiltaket ikkje kjem i konflikt med statlege retningslinjer for støy.

6.3. Omsynssone rasfare (eige temakart) H310

Omsynssonene omfattar areal som er vist som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred på nettstaden www.skrednett.no og skredatlas.nve.no.

6.3.1. Føresegner:

Der det er overlapp mellom desse sonene og byggeområde i gjeldande reguleringsplanar (sjå under 7. Verknader av kommuneplan), skal behovet for ei særskilt fagkyndig undersøking av rasfare vurderast før det kan gjevast nye byggeløve til bustader eller fritidsbustader, eller frådeling til slike føremål. Der det er overlapp mellom potensielle rasområde og LNF-område/LNF-område for spreidd bygging, kan ein ikkje gi bygge- eller frådelingsløyve før det ligg føre ei sakkyndig vurdering av reell rasfare.

6.4. Omsynssone faresone skytebane H360

Omfattar faresone H360_1-4

6.4.1. Føresegner

Det kan ikkje gjevast løyve til tiltak etter §20-1 eller frådelast til slike føremål, med unnatak av tiltak som har med drifta av skytebanen.

6.5. Omsynssone råstoffutvinning H510

Omfattar område H510_1-6 for mogleg framtidig pukktutvinning avsette i “Regionalplan for byggeråstoff i Ryfylke” (10.12.2013) og område H510_7 mogleg for massetaks-område på Nerheim.

6.5.1. Føresegner:

For område H510_7 Nerheim skal dei kvartærgeologiske verneverdiane i høve til øvrige verneverdige område innan “Suldals-sanduren” (område Su5 i rapport T-678, januar 1987 frå Miljøverndepartementet) vurderast. Vidare skal konsekvensane for landskap og jordbrukskvalitet

vurderast. Ein skal også vurdere andre moglege uttak-sområde i Suldalsdalføret. Dersom ein etter dette konkluderer med at området kan nyttast til uttak, kan det utarbeidast reguleringsplan for området. I reguleringsplanen skal det leggst opp til etappevis uttak og tilbakeføring for å redusere negative konsekvensar. Planen skal også visa evt. støysone.

6.5.2. Retningslinjer:

Det bør ikkje gjevast løyve til tiltak i desse områda, t.d. bygging av bustader eller fritidsbustader, som kan redusere mulighetene for framtidig utnytting av områda. Når uttak av råstoff blir aktuelt, bør området settast av til område for råstoffutvinning i kommuneplanen.

6.6. Omsynssone friluftsliv H530

Omfattar regionalt viktige friluftsområde H530_1 – H530_4.

6.6.1. Retningslinjer:

Det bør ikkje gjevast løyve til tiltak etter §20-1 eller frådelast til slike føremål før området inngår i detaljplan, med unnatak av tiltak som fremmar friluftslivet.

6.7. Omsynssone prioriterte kulturlandskap H550_1-2

Omfattar område i Ulladalen og Mogleiv/Litlehamar.

6.7.1. Føresegner:

Omsynet til kulturlandskapsverdiene skal tilleggast avgjerande vekt i arealforvaltninga i desse områda.

6.8. Omsynssone fiske og nasjonal laksefjord/laksevassdrag H560_1-10

6.8.1. Føresegner fiskeområde H560_1-9

I desse områda er det tillate med ferdsel og friluftsliv. All verksemd skal ta omsyn til fiskeinteressene.

6.8.2. Føresegner nasjonal laksefjord H560_10:

Denne sona omfattar Sandsfjorden innafor Foldøy og Suldalslågen og skal forvaltast etter “Forskrift om særskilte krav til akvakulturelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder”.

6.9. Omsynssone prioriterte kulturmiljø H570

Omfattar bygningsmiljø med høg verneverdi (H570_1-5).

6.9.1. Føresegner

Omsynet til bygningsmiljøet skal tilleggast avgjerande vekt ved handsaming av søknader om tiltak i desse områda.

6.10. Omsynssone nasjonalt villreinområde H580

6.10.1. Føresegner:

Innan denne sona gjeld føresegner og retningslinjer gitt i “Heiplanen” (Regionplan for Setesdal Vesthei og Austhei og Ryfylkeheiane, 2013).

6.12. Omsynssone bandlegging for regulering H710

Omfattar eit område på Eriksmoen, Vinjar.

6.12.1. Føresegner

Det kan ikkje gjevast bygge- eller delingsløyve etter §20-1 innan dette området før det er utarbeidd detaljplan.

6.13. Omsynssone verneområde etter “Lov om forvaltning av naturens mangfold” H720

Gjeld landskapsvernområde og naturreservat H720_1-10

6.13.1. Føresegner:

For desse områda gjeld eigne forskrifter for kvart einskild område.

6.14. Omsynssone kulturminne H730

6.14.1. Føresegner:

Innafor omsynssone H730 finst det kulturminne som er freda i medhald av Lov om kulturminne av 1978, jf. § 4. Det er ikkje er tillate å utføra tiltak eller arbeid innafor desse områda utan løyve frå kulturminnestyresmaktene, jf. Kulturminnelova §§ 3 og 8. Alle område vist med rune-R i kartgrunnlaget skal reknast som omsynssone H730, område som er bandlagde med heimel i Kulturminnelova.

6.15. Omsynssone verna vassdrag H740

Omfattar Hamrabøvassdraget, Hålandsvassdraget og deler av Vikedalsvassdraget, Hustveitvassdraget og Norddalsvassdraget, H740_1 – H740_5.

6.15.1. Føresegner:

I særskilt avgrensa delar av vassdraget som er markert med eiga omsynssone (t.d. H740_3-4 i Hålandsvassdraget) skal vasstrengen/vatn forvaltast som Klasse 2 i “Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag” (1994). For det øvrige nedbørsfeltet skal vasstrengen/vatn forvaltast som Klasse 3 i dei same retningslinjene.

6.16. Omsynssone bandlagde friluftsområde H740

Omfattar sikra statlege friluftsområde H740_6-9, forvalta av Ryfylke Friluftsråd (Skaholmane; Barkeneset; Sjubbeholsvågen; Hellandshabn).

6.16.1. Føresegner:

Det kan ikkje gjevast løyve til tiltak etter §20-1 eller frådelaast til slike føremål, med unnatak av tiltak som fremmar friluftslivet for ålmenta.

6.17. Omsynssone regulerte område H910

Syner område med gjeldande reguleringsplan/detaljplan eller bebyggelsesplan og der denne framleis skal gjelda, jfr. “Verknader av kommuneplan” under.

7. Verknader av kommuneplan

7.1. Føresegner:

- a. Denne planen gjeld foran eldre regulerings- og bebyggelsesplanar, med unnatak av dei planane som her er opplista, som framleis skal gjelda, og som er viste som omsynssone H910 på plankartet.
- b. Der reguleringsplanen ikkje viser byggegrenser, gjeld føremålsgrænse for byggeområde som byggegrænse, også i 100-meter sona ved sjø.
- c. I reguleringsplanar for fritidsbustader, der maksimal arealstorleik er på inntil 80 m² BRA/BYA, kan det utan dispensasjon, men etter søknad, byggast uisolert uthus/bod på inntil 10 m² i ei høgd. Dette kan vera frittliggjande eller som tilbygg til fritidsbustaden.
- d. I reguleringsplanar som omfattar middelalderkyrkjegardar (Vinjar, Sand, Jelsa) gjeld: Middelalderkyrkjegardane er automatisk freda kulturminne. I dei delane av kyrkjegarden som ligg innafor område for middelalderkyrkjegarden er det berre tillate med gravlegging i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.
- e. Der det er overlapp mellom reguleringsplanar og omsynssone rasfare H_310, gjeld føresegn 6.3.1. ovanfor.



Liste over planar som skal gjelda (med plan-id):

Austsida av gata	940913	Rv 13 Iversflaten		Helgeland	850625
Bjorkaren, øvre	770808	Rv 13 rasteplass Djupevik	021030_1	Tveit/Liarstøl	850326
Dalane III	931123	Haugastølskvelven	971217	Kvelvane	801023
Eide, Sand skule	740726	Fjellberg	850528	Kilavågen	910625_2
Eidsbakkane	200904	Vasshus	990114	Drengstig	800502
Eidssjøen	830923	Vikjo	990616	Andvik	921125
Flataberget	770722	Markosvatnet	710818	Østebø	020619
Garanaset	740708	Vikane	020911	Vormestrand aust	040616
Gåsavika, Sand	830926	Litle Saurdal	850129	Vormestrand II	950221
Joagarden	990324	Kjetilstad	920924	Ytre Varnes	041215
Levaråsen	800730	Kjetilstadlia	030129	Indre Varnes	050202_1
Litlavik	961106	Våge	200802	Borgaliflota	031210_1
Maleniusåsen	681013	Mokleiv	820323	Tysseland kraftverk	000913_2
Nordenden	990908	Bjørkenes	800208	Døsjø, Vormestrand	040324
Preståsen - Vestly	740912	Kilavatnet	791210	Barkeland	050202_2
Preståsen Vest	840403	Holane	810212_1	Foreneset reiseliv	060308
Randåsen II	971022_1	Austarå	800508	Vormestrand	050608
Rophaug- Bergekrossen	860701	Bordalen	810212	Finnvik	031210_2
RV Sand- Rophaug	750723	Østebø, Tysseland	810904	Nerstølkvelven	040915
Sand sentrum,hotell/småbåthavn	891109	Tysseland	810506	Øymyrhammaren	050616
Vg. skule, område for	780103	Drarvikneset	060614	Bøen, Erøy	050525
Sandsfossen, område ved	900621_2	Solhaug, Løland	810703	Levaskjer	051205
Sand kyrkje, område ved	800222	Vanvik, ytre	951017	Tveita	061220
Lågabrotet	860429	Mo	040526	Vidvei, Suldalseid	200807
Jelsavågen m.m.	861028	Nevøy	731221	Lindum-Tjøstheim golfbane	060201
Noresjøen - Bjergsted	981216	Øynatangen	881129	Kilen messebygg	070620_3
Sandanaset, nordre del, I	771024	Foldøy	940208	Rv 13 Erfjord	070530
Sandanaset, søndre del, II	961217_1	Borgaliflåta	031210_1	Kloppå, Vatlandsv	081216
Sandanaset, nordre del, II	780522	Omundsholmen	990217	Vårli, Økstra	200804
Trollhaugane	830518	Bjødnavågen2	970903	Foreneset 144/22	200805
Landsnes - Bog	020529	Tveita	950919	Jelsavågen, båthavn.	200803
Erøy	911029	Bjødnavågen1	910516	Sandsfjordbrua	200808
Erøy omregulering	010328	Tveita I	790717_1	Foreneset 145/98	200901
Erfjord skule	861028_1	Sjubbeholsvågen	961217	Foreneset 145/1 og 16	200902
Jeljevika mek. Verkstad	000913	Kjølvik	790717	Foreneset 145/10	200903
Hålandsosen,	900621_1	Dyråsen	001101	Nerstølkvelven II	070620_1
Stølane	760129	Sørheim	021030	Svehaugane	200801
Lovradalen	830221	Indre Vatlandsvåg	000913_1	Sjostiene	200907
Mosrøysane	970514	Li	840518	Båsen	200905
Veka	980527_1	Åserød, indre	840530	Mosvatn- Gullingenområdet	200906
Iversflaten	960528	Åserøddalen	971022	Berakvam	201011
Hagane Vest	770107	Jårvik, indre	820629	Mehushaugen	201012
Hagane Aust	731228	Jårvik, ytre	831028	Tengesdal	201016
Kariåsen	750521	Høyvik 134/2 og 8	200806	Israelsneset	201003
Kruno	870224	Høyvik	831020	Sjøtun, Vatlandsvåg	201014
Kvæstad	990616_1	Holemyr	030402	Slettingsvika	201002
Prestevika	751222	Markusvika	930527	Vanvik bustadfelt	201009
Preståsen [Nord]	790530_1	Markusvika, "Vik"	970226	Bakken, kolonihagar-Hebnes	201010
Vinjarheim	871215	Jeljevika, Erfjord	000913	Stuvik, gnr. 176 bnr. 4	201022
Rv 46 m/ tilstøytande omr	800215	Nyvoll	950425_1	Smalhusåsen	201006
S av Rv. 13, Osleb.- Brakab.	940621	Romsbotn	950425	Jelsavågen vest, gnr. 139/69	201007
Haugabjør	011219	Økstra/Tjødnaneset	020227	Flåtene, Jelsavågen 139/8	201008
Tjørnarhaugen	890509	Båsen	200905	Jelsavågen, gnr. 137 bnr. 11	201013
Vanvik bustadfelt	920527	Slåttå	981021	Jelsavågen aust	201018
Krokneset, Vindafjorden	970903_1	Foreneset 145/fleire	870602	Tveita, gnr. 113 bnr. 14	201023
Huldrehaugen, Marvik	761213	Foreneset 145/1 og 16	980527	Fjellbergskaret	201024
Marvik	981217	Fuglastein 145/5	040211	Vikeneset	201021
Marvik bustadfelt	010221	Fuglastein,steinbrot 145/5 og 12	020403	Marvik, gnr. 126 bnr. 1	201025
Saelva	990908_1	Dalberg 145/15	700810	Nyastøl	201015
Solland – Vatlandsvåg_FV 686	971022_2	Dalberg 145/15 og 27	951109	Haugen, Eide	201005
Ropeid ferjekai	990616_2	Hauane	950622	Kalvik	201019
Kjølvikstølen	011031	Stuvik, gnr. 145 bnr. 18	020911_2	Østebø	201102
Bekkjadal	800701	Sandvik	840621	Klypa	201201
Moen	790530	Naust i Habn	860901	Engjaland del av gnr. 59 bnr. 61	200809
Nesflaten	820826	Vik, naust	021218	Høyvik, gnr. 134 bnr. 1	201026
RV 13 Kolbeinstveit	011219_1	Kolstø	840514	Tveita gnr. 113 bnr. 8	201017
Kvilldal kraftstasjon	011219_1	Tysse	031210	Kilen	201303
Bogsfjorden vest	050518	Rørtveit / Nonsheia	740206	Sand sentrum	201004
Rv 13 Osen - Kolbeinstveit	031012	Haugsl./Slåttheia	720414	Leirvika	201020

Suldal har mange reguleringsplanar for hytteområde. Her frå Stavastøldalen innan Gullingen-området.

TEGNFORKLARING Plan- og bygningslova av 2008

Bygninger og anlegg (PBL §11-7 nr. 1)

Ekstisterende	Framtidig		
[Orange]	[Lime]	[Orange]	Bygninger og anlegg
[Gul]	[Lime]	[Gul]	Bustader
[Gul]	[Lime]	[Gul]	Fritidsbustader
[Gul]	[Lime]	[Gul]	Sentrumsformål
[Rosa]	[Lime]	[Rosa]	Offentleg eller privat tenesteyting
[Lime]	[Lime]	[Lime]	Fritids- og turistformål
[Lime]	[Lime]	[Lime]	Råstoffutvinning
[Lime]	[Lime]	[Lime]	Næringsbygningar
[Lime]	[Lime]	[Lime]	Idrettsanlegg
[Lime]	[Lime]	[Lime]	Andre typar bygningar og anlegg
[Lime]	[Lime]	[Lime]	Grav- og urnelund

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL §11-7 nr. 2)

[Lime]	Hamn (FH)
--------	-----------

Grøntstruktur (PBL §11-7 nr. 3)

[Lime]	Friområde
--------	-----------

Landbruks-, natur- og friluftformål (PBL §11-7 nr. 5)

[Lime]	Landbruks-, natur- og friluftformål (LNF)
[Lime]	LNF- formål der spreidd bygging av bustader, fritidsbustader og næringsbygg er tillette (B, H, N)
[Lime]	LNF- formål der spreidd bygging av fritidsbustader er tillette (H)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL §11-7 nr. 6)

[Lime]	Bruk og vern av sjø og vassdrag
[Lime]	Ferdsl
[Lime]	Småbåthamn (SB)
[Lime]	Fiske (F)/kaste- og lassetingsplasser (KL)
[Lime]	Akvakultur (A)
[Lime]	Friluftsområde (FO)
[Lime]	Naturområde (NA)
[Lime]	Kombinerte føremål i sjø

Hensynssone

Sikringsone	
[Lime]	Nedslagsfelt drikkevatt
Støysone	
[Lime]	Støysone (skytobane _1-4, heliport _5, steinkuseverk _6)
Faresone	
[Lime]	Ras- og skredfare (sjå temakart)
[Lime]	Skytobane

Sone med særleg angitt hensyn

[Lime]	Landbruk (Byggeråstoff; pukk 1-6, moglege masseuttaksområde _7)
[Lime]	Friluftsliv
[Lime]	Landskap
[Lime]	Bevaring naturmiljø
[Lime]	Bevaring kulturmiljø
[Lime]	Nasjonalt villreinområde

Båndleggingssone

[Lime]	Båndlegging for regulering etter pbl
[Lime]	Båndlegging etter lov om naturvern
[Lime]	Båndlegging etter lov om kulturminner
[Lime]	Båndlegging etter lov om kulturminner
[Lime]	Båndlegging etter andre lover - Nedbørsfelt verna vassdrag, klasse 3
[Lime]	Båndlegging etter andre lover - Verna vassdrag, klasse 2
[Lime]	Båndlegging etter andre lover - Sikra friluftsområde

Detaljeringsone

[Lime]	Gjeldande reguleringsplanar
--------	-----------------------------

Linjesymbol

[Lime]	Planavgrensing
[Lime]	Grense for arealformål
[Lime]	Hensynsonergrense
[Lime]	Kraftledning
[Lime]	Hovedveg
[Lime]	Hovedveg tunnel
[Lime]	Hovedveg bru
[Lime]	Samleveg
[Lime]	Adkomstveg
[Lime]	Adkomstveg tunnel
[Lime]	Turdrag - framtidig
[Lime]	Skipslei

Andre opplysningar:

AN	Ankringsområde
GY	Gyteområde
KL	Kaste- og lassetingsplasser
FH	Fiskerihamn
FFFN	Ferdsl/fiske/friluft/natur
FFPNA	Ferdsl/fiske/friluft/natur/akvakultur
FO	Friluftsområde
Sand	Stadnamn
	Basiskartet er teikna med svak gråfarge
	Kulturminne i basiskartet har bli farge:
[Lime]	Føreminne (automatisk fredet/kulturmiljøloven)
[Lime]	Kulturmiljø (Sefrak/andre kulturmiljøer)
[Lime]	Slope





Kommuneplan 2015 - 2024 Arealdelen
Suldal kommune *Slutthandsaming i kommunestyret*


SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA:		SAKSNR 12/219	PLANID
Vedteke planprogram:	07.05.2012, sak 37/13		
Planutvalget:	12.06.2014		
Kommunestyret:	17.06.2014		
Utlagt til offentlig ettersyn:	17.06.2014		
Vedteken i kommunestyret:			
KORRIGERINGAR:		Dato	
Planen er utarbeida av Suldal kommune, Bygdeutvikling		Dato :	

Fullstendig kart ligg tilgjengeleg på kommunen sine nettsider, suldal.net

Der finn du også kart der faresoner i samband med snø- og steinskred er markerte. Desse sonene er ute-latne frå karta i dette heftet for at dei skal vera betre leselege, men er ein del av det rettsleg bindande arealplankartet.









Detaljkartene på dei følgjande sidene er i ulike målestokkar.


Vatlandsvåg



Økstrafjorden



Jelsa







Jelsa kyrkje og den gamle busetnaden i Noresjøen gjer Jelsa til eit flott område å bu i.





Sand



Sandsbygda




Marvik





Hebnes

Nesflaten




Vanvik





Erfjord

Suldalsosen



Fuglastein-morenen med gravhaug på toppen - viktige natur- og kulturhistoriske element i vakkert kulturlandskap på Foreneset.

